

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, Sp, SV, V fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4

Vestland fylkeskommune meiner kutt i klimagassutslepp og kostnader til omstilling til miljøvenleg ferje- og hurtigbåtar er ein vesentleg kostnadsdrivar innan båt og ferjetrafikken. Fylka må få kompensert desse kostnadane.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Det vart ikkje røysta over innstillings punkt 4.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar forslaget til ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje, der kriteriet for båtar vert delt likt mellom lengde kystlinje og normerte båtkostnader.
2. Vestland fylkeskommune meiner oppdatering av kriteriet bør skje så snart nye data er tilgjengelege, dvs. etter alternativ 1 i høyringsnotatet.
3. Vestland fylkeskommune meiner kravet om heilårsdrift skal praktiserast slik at ruter kan innstillast i fellesferien.
4. Vestland fylkeskommune meiner kutt i klimagassutslepp og kostnader til omstilling til miljøvenleg ferje- og hurtigbåtar er ein vesentleg kostnadsdrivar innan båt og ferjetrafikken. Fylka må få kompensert desse kostnadane.